

BESTEMMELSAR TIL PLANID 1790 – REGULERINGSPLAN (DETALJ) FOR NY KYRKJE PÅ KLEPPE

PlanID: 1790

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
16/3047-12	25144/16	L13	LU/LU/NBJ10155	

Datert: 26.9.2016

Vedteke i kommunestyret den 13.2.2017 i sak 4/17.

§ 1 FØREMÅL MED PLANEN

Føremålet med planen er å legge til rette for bygging av ny kyrkje på Kleppe.

Området skal regulerast til følgjande arealføremål (pbl. § 12-05)

Bygningar og anlegg (pbl. § 12-5 pkt. 1)
Kyrkje og annan religionsutøving

§ 2 KRAV TIL SØKNAD OM TILTAK

Ved søknad om tiltak skal det føreligge dokumentasjon som viser handtering av overvatn, utomhusplan og tekniske detaljplanar.

§ 3 REKKEFØLGEBESTEMMELSAR

Før igangsettingstillatelse kan gis skal tekniske planar for internvegar og leidningsanlegg vere godkjent av Klepp kommune.

§ 4 FELLESBESTEMMELSAR

Ved detaljplanlegging og gjennomføring av tiltak i planområdet, skal det leggjast vekt på tilpassing til karakteren i området. Det skal leggjast vekt på god terrengtilpassing.

Landskap

Utforming av sideareal langs fv. 247 skal godkjennast av Statens vegvesen.

Parkering

Det skal leggjast til rette for:

- Nødvendig HC-parkering
- Av- og påstiging
- Varelevering

Det skal etablerast ein sykkelparkeringsplass pr. 15 sitjeplassar i kyrkja. Tilkomst med bil skal vere frå Prestevegen.

§ 5 BYGNINGAR OG ANLEGG

§ 5.1 Kyrkje og annan religionsutøving o_K

Innanfor viste byggjegrænse kan det førast opp ei ny kyrkje med tilhøyrande anlegg.

Utforminga av kyrkja skal ta omsyn til nærleiken av den eksisterande kyrkja frå 1846, slik at den fortsatt har ein naturleg plass på kyrkjestaden.

Viktige funksjonar som toalett og garderobe i den nye kyrkja skal utformast og lokaliserast på ein slik måte at sambruk med eksisterande kyrkje blir enklast mogleg.

Kyrkja kan ha underetasje.

Byggehøgde

Ny kyrkje skal ha golvhøgde i kyrkjerommet på ca. kote 63. (Eksisterande kyrkje og terreng ligg på kote 63.)

Maks mønehøgde: Kote 75

Maks høgde for kyrkjetårn: Kote 83

Tomteutnytting

BYA = 1300 m². Bårehuset kjem i tillegg. Eventuell overbygd sykkelparkering kjem i tillegg.